



# Medisinsk skjønn og rettstryggleik

---

ARTIKKEL

TERUM LI

NERGÅRD TB

---

## Sammendrag

Likebehandling er eit sentralt prinsipp ved fordeling av offentlege goder, men har det relevans for medisinsk praksis?

360 legar i åtte fylke vurderte to fiktive sjukehistorier med omsyn til uførepensjon. Legane svarte òg på spørsmål om deira syn på legerolla og uførepensjon generelt.

Vurderingane av vignettane viste at legane var usamde om både når medisinske vilkår var oppfylt, om inntekts-/arbeidsevna var redusert og om attføring i tilstrekkeleg grad var prøvd. Analysen viser vidare at desse variasjonane eit stykke på veg har samanheng med forskjellar i det personlege verdi- og moralsynet til legane, operasjonalisert ved generell trygdeskepsis og synet på uførepensjon som livs- og forsørgingsform.

Spørsmålet om kven som fyller vilkåra for å få uførepensjon, handlar om fordeling av offentlege gode. Erklæringa til legen er ein sentral premiss når det skal takast stilling til krav om uførepensjon. Når vurderingane som ligg til grunn for desse erklæringane vert styrt av legen sitt personlege verdi- og moralsyn, framstår dei som *vilkårlege* og kjem i konflikt med prinsippet om likebehandling og rettstryggleik.

---

Publisert: 17. oktober 2018. Tidsskr Nor Legeforen. DOI:

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2020. Lastet ned fra tidsskriftet.no